

Lærdal Grønt SA og Sognefrukt SA

## Status og vidare framdrift regionalt pakkeri

Vi viser til brev frå Sognefrukt SA og Lærdal Grønt SA, datert 31. august 2020. Her oppdaterer de oss om status og vidare framdrift for realisering av ny regional infrastruktur og felles organisering for frukt og grøtnæringa. De ber om stadfesting på at tilskotet gitt til prosjektet frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019 framleis står ved lag.

### Bakgrunn

Lærdal Grønt søkte 12. april 2019 på vegne av Lærdal Grønt, Sognefrukt og Innvik Fruktlager om 25 mill. kr. frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til prosjektet *Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane*.

Bakrunnen for prosjektet var krav frå marknaden som fører til at det må gjerast større investeringar for å henge med i konkurransen framover. I tillegg hadde alle miljøa bak søknaden konkrete planar om vesentleg vekst. For alle produksjonar når dagens pakkeri taket, og må utvide.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fekk søknaden lagt fram i møte 4. juni 2019, i sak 31/19 Tertiarrapport 1/2019. Fylkestinget gjorde vedtak om å gje eit tilskot til prosjektet *Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane* på 15 mill. kr.

Etter klargjeringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag, og statsstøtteregelverk blei endeleg tilskotsbrev skrive 4. desember 2019. I tilskotsbrevet godkjente vi eit kostnadsgrunnlag på totalt 75,6 mill. kr., der fylkeskommunen si støtte skal gå til pakkeridelen av utbyggingsprosjektet. Tilskotet blei formelt gitt til Eigedomsselskapet Vfg Eigedom AS.

I tilskotsbrevet skriv vi mellom anna:

*Det er avgjerande at aktørane forpliktar seg som tenkt, og at prosjektet vil bli eit stort felles fylkesløft. Det betyr at det ikkje blir betalt ut noko før eit vedtak om fusjon er på plass. Det betyr også at dersom det blir gjort vedtak om å ikkje fusionere selskapa og bygge eit pakkeri som er felles, så vert tilskotet trekt attende.*

### Status

Arbeidet med forankring, planlegging og realisering av prosjektet har føregått gjennom fleire år med utgreiing av føresetnader og nytte av satsinga, detaljplanlegging av nytt felles anlegg på Håbakken i Lærdal og forhandling og ferdigstilling av fusjonsavtale mellom dei tre eksisterande samvirkeføretaka.

I ekstraordinært årsmøte i januar 2020 vedtok medlemmane i alle tre føretaka å starte formelt fusjonsarbeid, og i juni vedtok dei tre styra å legge den framforhandla fusjonsavtalen fram på ekstraordinære årsmøte.

På dei ekstraordinære årsmøta 5. august stemde medlemmane i Sognefrukt og Lærdal Grønt ja til fusjonsavtalen, men medlemmane i Innvik Fruktlager stemde nei. Vedtaket i Innvik Fruktlager gjorde at fusjonsavtalen slik den var framforhandla ikkje kunne gjennomførast.

Styra i Sognefrukt og Lærdal Grønt vurderte det likevel slik at deira årsmøte hadde gitt signal om at desse to føretaka kunne gå vidare med planane. Ny fusjonsplan blir no utarbeidd mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt, og nye ekstraordinære årsmøtet er planlagd i slutten av september.

Det blir stadfesta at også etter at Innvik Fruktlager stemde nei så er total investeringsplan og budsjett for den nye verksemda heilt på linje med kostnadsplanen godkjent i tilskotsbrevet og med den opphavelege intensjonen om å utvikle eitt felles regionalt pakkeri. Planane for bygget er dei same som skissert tidlegare. De undersøkjer no om alle bidragsytarane står ved sine tilskot og intensjonar om å ta del i prosjektet. De viser til at de til no berre har fått positive signal.

Endringane frå å gå frå tre til to selskap som fusjonerer påverkar ikkje investeringane som fylkeskommunen støttar, men det kan påverke drifta og driftsinntektene noko. Men de legg til grunn at drifta framleis skal vere sunn og berekraftig.

Det er heller ikkje store endringar i tidsplan. Byggestart er planlagt i desember 2020, og innfasing av produksjonar sommar/haust 2021.

Samanslåinga mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt kan vere eit fyrste trinn i ein prosess der fleire kjem med. Regionpakkeriet vil ha kapasitet til å fange opp dette. Behova og nytten av prosjektet er det same som før. Krav og endringar i marknaden er som tidlegare omtale, og behova i pakkeria er det same. De legg ved positive uttalar frå Fylkesmannen i Vestland, Gartnerhallen, Sogn og Fjordane bondelag, og kommunane.

De ber om stadfestning på at denne planen framleis er i tråd med vilkåra for tilskotet frå Vestland fylkeskommune.

#### Vurdering

Vi er einige med dykk, og med dei som har uttala seg i saka om at det er lite som har endra seg i saka om investeringar i eit nytt regionalt pakkeri. Omfanget i investeringane og i prosjektet er framleis dei same som då vi skreiv vårt tilskotsbrev. Det blir framleis gjennomført ein fusjon og investert i eit felles bygg som vil vere særstakt viktig for næringa. Det hadde sjølv sagt vore eit føremon at Innvik Fruktlaget også blei med i fusjonen, men det er svært positivt at det framleis blir planlagt for infrastruktur som tek høgde for at fleire kan bli med seinare, og for ein framleis vekst i produksjonen.

Fusjon vert gjennomført mellom to store samvirkeføretak, dekkar same breidda i produksjonar og omfattar framleis eit stort geografisk område. Tilskotet er gitt til Vfg Eigedom, og i tilskotsbrevet vert det vert stilt krav om eit felles pakkeri og ein fusjon utan at det er spesifisert at alle selskapa må med.

*Omfanget av investeringane har ikkje endra seg, behovet og viktigheten av å gjøre dette løftet for næringa har ikkje endra seg, og det hastar å ta dei naudsynte grepene for å fornye seg for å vere konkurransedyktige også i framtida. Tilskotet frå Vestland fylkeskommune står difor framleis ved lag.*

Vedtaket til fylkestinget inneheld ikkje føringar for prosjektet. Sidan vi ikkje oppfattar endringane å vere vesentlege i høve dei vilkåra fylkestinget gav tilskotet på, så blir denne stadfestinga gjort som eit administrativt vedtak.

Tilskotsbrevet datert 4. desember 2019 gjeld framleis. Det er ein føresetnad at fusjonen mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt blir gjennomført som de skisserer, og det er ein føresetnad at de stadfestar endeleg finansiering frå alle partar. Vi set ny frist for å akseptere vilkåra i tilskotsbrevet til 15. oktober 2020, og ny frist for sluttrapportering til 1. oktober 2021.

Med helsing

Bård Sandal

Endre Høgalmen

fylkesdirektør

seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*